

# P-pille for menn om to år



**Ein p-pille for menn kan vere klar til testing i løpet av eit par år. Norske forskarar har funne fram til ein metode som skal vere heilt utan biverknader.**

**EIVIND MOLDE**

eivind.molde@nrk.no

Publisert 01.04.2007 20:00.

Forskningsprosjektet er eit samarbeid mellom Universitetet i Oslo, Rikshospitalet og firmaet Spermatech.

I løpet av dei siste månadene har forskarane identifisert det proteinet som får sædcellene til å bevege seg. Dei har også funne fram til strukturen i dette proteinet.

## Se reportasjen:P-pille for menn

No arbeider dei med å teste ulike stoff som kan brukast i eit prevensjonsmiddel for menn. Stoffet skal påverke proteinet slik at sædcellene ikkje kan røre på seg. Dermed greier dei ikkje å befrukte eggcellene.

## Ingen biverknader

Professor Bjørn Steen Skålhegg ved Universitetet i Oslo er sjef for forskarteamet.

- Vi har funne eit protein som finst berre ein plass i kroppen, i sædcellene, og det har berre ei oppgåve, nemleg å få desse til å bevege seg. Dette er altså eit heilt unikt protein, som vi derfor meiner kan påverkast av medikament utan at det får nokon biverknader, seier Skålhegg.

- Det finst mange konkurrentar til det vi driv med, men dei arbeider med preparat som påverkar hormona. Slike medikament kan gje biverknader, seier Skålhegg.

## Gullgruve

Ein p-pille for menn kan bli ei økonomisk gullgruve.

- Marknaden for prevensjonsmiddel er ca 50 milliardar kroner i året internasjonalt. Eit prevensjonsmiddel for menn vil sannsynlegvis bidra til å utvide denne marknaden, seier dagleg leiar i Spermatech, Eirik Næss-Ulseth.

- Potensialet er stort. Vi hentar no inn kapital slik at vi kan ha eit godt økonomisk grunnlag når p-pillen er klar til test i 2009, slik planen er.

## Internasjonalt samarbeid

Næss-Ulseth kjenner seg heilt sikker på at planane blir ein realitet.

- Forskningsarbeidet som er gjort her på Rikshospitalet har ført til at vi no går i kompaniskap med det internasjonale selskapet Evotec, seier han. Saman med deira folk i Tyskland og England arbeider vi no for fullt med å finne fram til det



Bjørn Steen Skålhegg

NRK



beste kjemiske stoffet til ein mannleg p-pille, seier Eirik Næss-Ulseth.



Eirik Næss-Ulseth

*NRK*

*(NRK)*

---

Ansvarlig redaktør Bjarne Andre Myklebust - Opphavsrett NRK © 2008 - Kontakt NRK